

# Møteprotokoll

**Utval:** Ålfotbreen verneområdestyre  
**Møtestad:** Kleppenes Gard, Gloppen  
**Dato:** 08.09.2020  
**Tidspunkt:** 10:00 – 13:00

## Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jacob Andre Telvik Nødseth	Leder	Kinn
Irene Storøy	Nestleder	Bremanger
Åsmund Berthelsen	Medlem	Vestland
Janne Marie Solheim	Medlem	Gloppen

## Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Sverre Sæten	Naturoppsyn
Alf Erik Røyrvik	Verneområdeforvaltar

## Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

---

## Saksliste

<b>Utvals- saksnr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Lukka</b>	<b>Arkiv- saksnr</b>
ST 14/20	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 15/20	Signering av protokoll frå førre møte		
RS 4/20	Orienteringssaker styremøte 3/2020		2019/10793
RS 5/20	Ålfotbreen verneområdestyre - Status på tiltak og tiltaksmidlar per august 2020		2019/4056
ST 16/20	Eventuelt		
ST 17/20	Ålfotbreen landskapsvernområde - Fleirårig løyve til helikoptertransport til hytter i Skjerdalen		2020/10985
ST 18/20	Ålfotbreen verneområdestyre - disponering av tiltaksmidlar hausten 2020		2019/4056

## **ST 14/20 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Saksprotokoll i Ålfotbreen verneområdestyre - 08.09.2020**

### **Vedtak ST 14/20**

Innkalling og sakliste vart godkjent

## **ST 15/20 Signering av protokoll frå førre møte**

**Saksprotokoll i Ålfotbreen verneområdestyre - 08.09.2020**

### **Vedtak ST 15/20**

Protokollane frå styremøte 1/2020 og 2/2020 vart signert

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	4/20	08.09.2020

## Orienteringssaker styremøte 3/2020

### Delegerte vedtak sidan sist:

- Jens Skjerdal fekk i juli løyve til å lande med helikopter ved støylen sin i Skjerdalen i samband med transport av material
- Terje Johansen fekk i juli løyve til å lande med helikopter ved hytta si på Grøndalsstøylen i samband med transport av material
- Statnett SF fekk i juni løyve til å lande med helikopter på Kvannbotnfjellet i samband med fjerning av ein gammal ismålestasjon.

### Korona

På forvaltningsknutepunktet og hjå Fylkesmannen er situasjonen meir eller mindre tilbake til normalen. Vi skal jobbe frå kontoret som normalt og vi har starta opp att med interne møter og samlingar. Dei siste månadane har likevel lært oss at mange møter og anna arbeid kan ordnast digitalt og man kan effektivisere arbeidstid og spare reisekostnadar på den måten.

### Driftsbudsjettet til styret

Det er brukt om lag 96.500 av dei 120.000 som styret har i driftsbudsjett for 2020. Det står altso om lag 23.500 att. Vi har ikkje rom for fleire synfaringar, turar eller liknande aktivitet utover dei resterande styremøta.

### Tillegg i møtet:

Styreleiar Jacob Nødseth orienterte om at han deltok på 30-årsmerkinga for Gjegnabu i august.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	5/20	08.09.2020

## Ålfotbreen verneområdestyre - Status på tiltak og tiltaksmidler per august 2020

Vi har per i dag bra «kontroll» på både framgang på dei tiltaka vi har på blokka og forbruk av tiltaksmidler.

- Ruta til Lavesteinen er so godt som ferdig. Vi må sette opp nokre få skilt til, det tek forvaltar og SNO seg av.
- Ruta frå Mettenes og oppover mot Gullsmedhytta er merka. Det er muleg vi skulle ha gjort noko meir med ein wire på starten av Sælebotkora, men det er ikkje noko som hastar. Vi skal og få på plass nokre fleire skilt som skal settast opp nede i Metteneset.
- Ny bru ved Skarvevatnet er under planlegging. Vi kom oss ikkje opp for å ta mål og legge ein plan før sommaren.
- Eg har vore på synfaring til Blåbrebu saman med Flora turlag, og vi er i ferd med å lage ein tiltaksplan saman med turlaget. Her kan vi gjere ein avtale for kva som skal gjerast på stien og betale ut no i år. So utfører flora turlag arbeidet i 2020 og 2021.
- I Førdedalen har planlegginga stoppa opp grunna eit dødsfall. Her kjem vi til å ta opp kontakten att i løpet av hausten. Vi vonar at prosjektet vil halde fram i tråd med dei planane som vart lagt i vår og sommar, men det er ikkje gjort noko avtale enno.
- Vi kjem ikkje til å sette opp fleire nye informasjonsskilt i år, men vi har planer om å få laga nye plakatar til dei gamle trestativa. Dette skal vi få i boks i løpet av hausten.
- Vi har hatt nokre utgifter i samband med den nye nettsida som vart publisert i sommar.

Vi har betalt ut særst lite av tiltaksmidlane enno, men vi har konkrete planer for om lag halvparten av dei 400.000 vi har i år. Sjå vedlagt oversikt. Vi har særst grove estimat å gå ut i frå i utgangspunktet, so det er krevjande å «treffe» bruken av midlar nøyaktig.

Disponering av resten av tiltaksmidlane er avhengig av kva planer og avtale vi får til med Førde grunneigarlag.

Uansett vil det ofte verte litt restmidlar mot slutten av året. Vi kan godt tenke litt på om det er tiltak eller føremål som kan vere aktuelle å bruke dei på. Men eg minner om at det framleis må vere fornuftig bruk av offentlege midlar og i tråd med postføremål og andre målsetningar.

**Styret tok orienteringa til vitande**

## **ST 16/20 Eventuelt**

### **Saksprotokoll i Ålfotbreen verneområdestyre - 08.09.2020**

#### **Vedtak ST 16/20 Eventuelt**

- Styret vedtok å ha møte i Rådgevingende utval for Ålfotbreen LVO fredag 16. oktober kl 13.00 på Gloppen hotell.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	17/20	08.09.2020

## Ålfotbreen landskapsvernområde - Fleirårig løyve til helikoptertransport til hytter i Skjerdalen

### Vedtak ST 17/20

Jens Skjerdal får løyve til å lande med helikopter ved Skjerdalsvatnet i samband med transport av material. Løyve gjeld for inntil tre landingar i perioden 1. juli til 31. august i åra 2021 til 2024. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta § 3 punkt 5.3.e).

#### Vilkår for løyvet:

- Dette løyvet skal vere med under flyging.
- Statens naturoppsyn (tlf eller SMS til 40448216) skal varslast før flyging tek til.
- Løyvet kan ikkje nyttast til rein persontransport.
- Kvart år i perioden skal det innan utgangen av september sendast ein kort rapport til verneområdeforvaltar om bruken av løyvet.

#### **Framlegg til vedtak frå forvaltar:**

Jens Skjerdal får løyve til å lande med helikopter ved Skjerdalsvatnet i samband med transport av material. Løyve gjeld for inntil tre landingar i perioden 1. juli til 31. august i åra 2021 til 2024. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta § 3 punkt 5.3.e).

#### Vilkår for løyvet:

- Dette løyvet skal vere med under flyging.
- Statens naturoppsyn (tlf eller SMS til 40448216) skal varslast før flyging tek til.
- Løyvet kan ikkje nyttast til rein persontransport.

## **Saksutgreiing**

### **Dokument i saka:**

- Søknad om helikopterlanding ved Skjerdalsstøylen
- Delegert løyve til helikopterlanding
- Verneforskrift for Ålfotbreen LVO

### **Søknaden**

Jens Skjerdal søkte i juli om løyve til helikopterlanding ved hytter ved Skjerdalsvatnet. Føremålet var transport av material til vedlikehald på hyttene. Skjerdal søkte om å få eit fleirårig løyve.

Jens Skjerdal fekk eit eittårig løyve som delegert vedtak i juli. Løyvet var på inntil 3 landingar i juli og august. Eit eventuelt fleirårig løyve er det Ålfotbreen verneområdestyre som kan gje.

### **Saksutgreiing**

Eg viser til dei vurderingane som vart gjort i det delegerte vedtaket (vedlegg til sakspapira).

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	18/20	08.09.2020

## Ålfotbreen verneområdestyre - disponering av tiltaksmidler hausten 2020

### Vedtak ST 18/20

- Verneområdeforvaltar tek kontakt med Førde Grunneigarlag med tanke på det vidare arbeidet og eventuelle innkjøp av materialar etc.
- Styret kjøper inn nye kartplakatar etter ny mal til dei gamle skiltstativa.
- Verneområdeforvaltar jobbar vidare med å nytte dei tildelte tiltaksmidlane innanfor dei tiltaka som står på tiltaksplanen og eventuelt andre tiltak innanfor postføremålet.

### Saksutgreiing

Viser til referatsak med orientering om status på tiltak og bruk av tiltaksmidler til no.

Vi har altso fått tildelt 400.000 i tiltaksmidler i år. Det er ikkje so mykje som er utbetalt, men vi har «bunde opp» noko meir til konkrete tiltak og avtalar. Vi har konkrete planer for litt over 200.000 av tiltaksmidlane.

Det betyr at vi har i underkant av 200.000 som vi ikkje har disponert eller bunde opp enno. Det er fleire årsaker til at dette. Nokre tiltak vert billegare enn estimert. Vi skal mellom anna ikkje sette opp nye info- og portalskilt i cortenstål i år, so der går det vesentleg mindre midlar. Usikkerheit kring planane i Førdedalen er og ein viktig faktor her.

### Spørsmål til diskusjon i styret:

- Korleis skal vi jobbe vidare med Førdedalen?
- Kor mykje midlar skal vi «halde av» til tiltak i Førdedalen?
- Er der andre tiltak som bør få midlar?
- Er der nye tiltak eller prosjekt som vi kan starte opp i andre halvår?

NB: Hugs at omdisponering må vere i tråd med postføremålet for midlane.